

!R! call brev;exit;

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Arkivkode
V12

Vår ref.
04/02124 -RR

Dykkar ref.

Dato
06.12.2004

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

HØYRINGSUTTALE FRÅ GOL KOMMUNE - FORSKRIFT OM MIDLER TIL BYGDEUTVIKLING

Saka er behandla etter delegert fullmakt frå Utval for natur og næring med saksnr. 0227/04

Saksvedlegg:

1. Høyringsutkast frå Landbruks- og matdepartementet, datert 27.10.04

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har utarbeida forslag til forskrift om midlar til bygdeutvikling (BU). Høyringsfristen er 6. desember 2004 og forskrifta skal gjelde frå 1. januar 2005.

Bakgrunn for forslaget er Landbruk Pluss-satsinga der LMD har sett behovet for ein meir samordna og målretta satsing innafor landbruksrelatert næringsutvikling. Ut frå dette er det sett igang eit utviklingsprosjekt med følgjande sentrale element:

- Utarbeiding av ein nasjonal strategi for landbrukstilknyttet næringsutvikling.
- Modernisering av BU-ordningen og overføring av forvaltningsansvar til regionalt nivå.
- Utarbeiding av regionale strategier for landbrukstilknyttet næringsutvikling.

Den overordna målsettinga med prosjektet er å oppnå auka lønnsemd i den landbruksrelaterte næringsverksemda gjennom nyskaping og marknadsorientering.

Vurdering:

§ 1 Føremål:

Ein ser at føremålet er meir bevist retta mot landbrukseigedomens ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt. Det er positivt at ein framhevar at bruken av BU-midlar skal nyttast til å skape lønnsam næringsutvikling på landbrukseigedomar.

§ 4 Tiltaksgrupper og tilskuddsnivå:

Forskrifta legg opp til at det ikkje lenger skal vere eit maksimumstak på tilskotet. Dette vil saman med fjerning av 5 års kravet om "karantene" på ny BU-søknad føre til:

- at søkar har større moglegheiter for å kunne innfri pålegg raskt enn det som har vore tilfelle til no.
- raskare og betre kontinuitet i ei utbygging som skal utførast i fleire fasar.
- ei "spissing" av tilskotssystemet ved at dei store og ressurssterke bruka vil nytte BU-systemet aktivt og bli prioritert framfor mindre bruk. Dette vil på lang sikt kunne få negative konsekvensar i høve til kultur- og småskalalandbruket i fjellbygdene.

§ 6 Administrasjon:

Uavhengig av kva organ som er tilskotsforvaltar, må det vere klare og tydelege reglar for forvaltninga av BU-midlane. Dersom ein ikkje har det, vil det bli eit stort ekstraarbeid for den kommunale forvaltninga å følgje opp bruken av midlane i samsvar med føremålet.

Generelt:

Den lokale landbruksforvaltninga ser det som viktig å oppretthalde den lokale og regionale vurderinga av søknadane. Dette vil:

- styrke lokaldemokratiet sidan det er på lokalplanet ein har best kjennskap til søkarane, og ein kan då i stor grad unngå "fyrst til mølla problematikken".
- kunne sikre at det ikkje berre er storleiken på tiltaket som vert prioritert, men også den samla kvaliteten på tiltaket.

VEDTAK:

Gol kommune syner til vurderingane ovanfor og oversender dei som høyringsuttale i samband med utarbeiding av forskrift om mildar til bygdeutvikling.

Saka vil som fullmaktssak bli referert på første møte i Utval for natur og næring

Med helsing

Robert Rørvik
avdelingsleiar

Likelydande brev til:

- Kommunane i Hallingdal